

Saksbehandlar: Sissel Espe, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/7170-2

Nasjonale faglege retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gje ein slik høyringsuttale:

Hovudutval for opplæring vedtek fråsegn til Helsedirektoratet sitt framlegg til nasjonale faglege retningslinjer for helsestasjons - og skulehelsetenesta, slik det går fram av saksutgreiinga.

Vedlegg:

- [Nasjonale faglege retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta](#)
- [Høyringsutkast](#)
- [PDF-versjon av fellesdelen](#)

SAKSFRAMSTILLING

(Dette er ein rettleiande mal. Stryk det som ikkje passar, men bruk tydelege hovudoverskrifter og underpunkt og marker dei med tal)

2. Bakgrunn for saka

Helsedirektoratet har sendt på høyring framlegg til nasjonale faglege retningslinjer for skulehelsetenesta og for helsestasjon for ungdom. Retningslinjene er ein del av dei nasjonale faglege retningslinjene for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Dei nasjonalfaglege retningslinjene inneheld fire deler:

- Del 1 - fellesdel drift og alle deltjenestene
- Del 2 - helsestasjon 0-5 år
- Del 3 - skulehelsetenesta 5-20 år
- Del 4 - helsestasjon for ungdom (HFU)

På fleire fagområde i tilbodet ligg det allereie føre nasjonale faglege retningslinjer, rettleiarar og rundskriv. Desse er framleis gjeldande og lenka til i aktuelle tilrådingar.

Fylkesdirektøren for opplæring avgrensar høyringsuttalen til to område; skulehelsetenesta 5-20 år og samhandling med skule.

- Skulehelsetenesta bør ta initiativ til eit systemretta arbeid med skulane
- Skulehelsetenesta bør medverke i skulen sitt arbeid med universelle tiltak som fremjar eit godt psykososialt miljø, god psykisk helse og førebyggjer mistrivnad, mobbing og psykiske plager blant barn og ungdom

Fylkesdirektør for opplæring ser punkta ovanfor som dei mest aktuelle når det gjeld fylkeskommunen si rolle og ansvar i samarbeid med kommunane.

Ein PDF-versjon av fellesdelen er vedlagt for å kunne sjå vurderingane i samanheng med høyringsuttalen.

Systemretta arbeid

I høyringsutkastet til dei nasjonalfaglege retningslinjene for skulehelsetenesta står det m. a at:

- *Skulehelsetjenesten har en viktig rolle som bidragsytere og støttespillere i skolens arbeid for å sikre elever et godt fysisk og psykososialt miljø. Der det ikke allerede er et etablert samarbeid med skolen, bør skulehelsetjenesten ta initiativ til at et slikt samarbeid etableres*
- *Hensikten med samarbeidet med skolene er å fremme barn og unges trygghet, trivsel og tilhørighet, læring og helse*
- *Skulehelsetjenesten bør tilby seg å delta i arbeidet med å planlegge tiltak på universelt, gruppe og individnivå*

Sogn og Fjordane har god gjennomføring i vidaregåande opplæring, men vi ser at stadig fleire ungdomar treng ekstra støtte for å møte utfordringar i kvardagen. I Sogn og Fjordane 11 av 26 kommunar vertskommune for vidaregåande skular. Fylkesdirektøren er samd i at skulehelsetenesta skal vere ein meir aktiv part inn i det systemretta førebyggjande arbeidet både på skule-, gruppe- og individnivå. Skulehelsetenesta bør difor særskilt styrkast i vertskommunane.

Fylkesdirektøren forstår «universelle tiltak» som heilskaplege tiltak som betrar livskvaliteten til barn og unge. Barnehage, skule, barn og ungdom eksisterer ikkje i eit vakuum. Mange aktørar kan medverke til at barn og unge sin livskvalitet vert god. Skulehelsetenesta bør medverke i kommunen sitt planarbeid, t.d. ved utarbeidinga av samfunnsdelen til kommuneplanen.

Det psykososiale læringsmiljøet

I høyringsutkastet til dei nasjonale faglege retningslinjene for skulehelsetenesta, står det vidare:

Skulehelsetenesta bør:

- *ta utgangspunkt i forhold og faktorer som har betydning for å fremme psykisk helse og forebygge psykiske plager når tiltak utvikles*
- *samarbeide med skolen om å sette i gang tiltak som fremmer unges psykiske helse og forebygger mistrivsel, mobbing og psykiske plager*
- *ha oversikt over aktuelle kunnskapsbaserte programmer*
- *kunne delta i gjennomføringen av relevante, tilgjengelige kunnskapsbaserte programmer i samarbeid med skole, alene eller sammen andre aktuelle aktører*

Det er viktig å halde fram med eit stabilt og føreseieleg «open-dør»-tilbod i skulehelsetenesta. Dei tilsette må kunne halde fram med samtalar, undersøkingar og førebyggjande helsearbeid for enkeltelevar. Erfaringa syner at ein-til-ein-møta er ressurskrevjande, og mange skulehelsetenester er pressa på tid og kapasitet. Utvikling av gruppetilbod, basert på elevmedverknad og sjølvhjelpsmetodikk, er også viktige tiltak, der skulehelsetenesta spelar ei viktig rolle i utforming og gjennomføring. For å sikre at skulehelsetenesta skal verte meir aktiv i kvalitetsutvikling, og ta del i samhandlingsfora for ei systematisk betring av skulen sitt psykososiale arbeidsmiljø, er det framleis nødvendig med ei styrking av kapasiteten i skulehelsetenesta.

Ei grundig tilnærming til tverrfagleg arbeid og systemutvikling tek tid. Fleire oppgåver utan meir tid til å løyse dei, vil kunne gå ut over både individ- og grupperetta oppgåver. Det vil også hindre ei seriøs satsing for å få til ei systematisk betring av det psykososiale læringsmiljøet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som mål å ha den beste opplæringa i landet. Fylkesdirektøren ser det systemretta arbeidet for å betre det psykososiale læringsmiljøet i vidaregåande opplæring som eit viktig bidrag for å nå det målet. Vertskommunane må difor ha ei skulehelsetenesta som prioriterer eit så godt strukturelt samarbeid som mogleg. Alle vidaregåande skular har i dag faste møte med vertskommunane, og skulehelsetenesta er deltakar i arbeidet i folkehelsegruppene på skulane.

Fylkesdirektøren meiner at samarbeidet må bygge strukturar som inneber ei tydeleg arbeidsfordeling og rolleavklaring, og som har gode rutinar.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i at arbeidet i skulehelsetenesta skal verte meir systemretta, og at samarbeidet mellom tenesta og skulen må byggje

på struktur, gode rutinar, tydeleg arbeidsfordeling og avklarte roller. Skulehelsetenesta bør også medverke i kommunen sitt planarbeid.

Fylkesdirektøren meiner at dei kunnskapsbaserte programma som vert nytta på skulane, må vere erfarings- og forskingsbaserte. Dei må utarbeidast i samarbeid med opplæringssektoren, for å sikre at dei vert implementert som ein del av ein heilskap.